

Fylkeseldrerådet I Hordaland
Agnes Mowinckelsgt 5
Postboks 7009 Bergen

Statens Vegvesen
Region Vest
Postboks 43
6861 Leikanger

e-post: firmapost-vest@vegvesen.no Bergen den 9.nov. 2017

Flytting av gangfelt i Årstadveien. Tilkomst til nye Haraldsplass Diakonale Sykehus

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med at når nye Haraldsplass Sykehus opnar i september 2018, vil hovudinngangen til sjukehuset bli flytta, slik at den nærmeste stoppestaden til sjukehuset blir den stoppestaden i Årstadveien som heiter Statsarkivet. Tilkomsten vil skje via gangveg frå Årstadvegen over Møllendalselva. Gangvegen vil koma til å liggja rett vis a vis stoppestaden for buss som kjem frå Bergen sentrum.

Fylkeselderådet er vidare kjend med at Haraldsplass Diakonale Sykehus ønskjer overgang for fotgangarar direkte frå stoppestaden og til gangvegen som fører mot hovudinngangen til sjukehuset. Det overgangsfeltet som finst i dag, ligg lenger opp mot Statsarkivet og er også kryssing til Haukeland Skole.

Fylkeseldrerådet meiner at å flytta gangfeltet nærmere bushaldeplassen ikkje vil vera til ulempe for elevar og tilsette ved skulen eller for bebruarar i området, men vil vera ein lette for pasientar og pårørande som skal til sjukehuset.

Fyel ber difor Statens Vegvesen om å vurdera å flytta overgangen slik Haraldsplass Diakonale Sjukehus ønskjer.

Med venleg helsing

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland